

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 07.12.2017

Vår ref.: 200702197-88

Arkiv: 317 / 036.J

Dykkar dato: 24.08.2017

Dykkar ref.: Netra Timalsina

Sakshandsamar:

Randi Holme

22959518/rho@nve.no

Røldal-Suldal kraftanlegg - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap Rehabilitering av Dam Holmevasskilen – Bykle og Vinje kommunar

Vi viser til Dykkar brev datert 24.08.2017 vedlagt detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Holmevasskilen ved Røldal-Suldal kraftanlegg i Bykle og Vinje kommunar.

Saka er handsama med heimel i vilkåra i konsesjon til Røldal-Suldal kraftanlegg gitt ved kg. res. datert 21.12.1962 post 17.

Bakgrunn:

Dam Holmevasskilen er ein steinfallingsdam som ligg drygt 1000 meter over havet i Vinje og Bykle kommunar. Magasin Holmevatn vert utnytta i Kvanndal kraftverk som er ein del av Røldal-Suldal kraftanlegg. Dammen skal plastrast og det er planlagt å ta ut stein frå eksisterande steinbrot inne i magasinet. Overskotsmassar frå brotet vert brukt til å arrondere steinbrotet. Eit mindre eksisterande steinbrot nedstraums dammen er planlagt som reservebrot. Dette vert sett i stand i samband med arbeida uavhengig av om det vert teke i bruk eller ikkje. Eksisterande veg fram til Holmevatn vert brukt. Nødvendig utstyr vert frakta vidare inn til Holmevasskilen vinterstid, anten på isen eller på lekter. Det vert ikkje bygd nye vegar. Det vert etablert eit lite mellombels riggområde like nedstraums dammen på eit areal som er nytta tidlegare. Planen skildrar tiltak for istandsetjing av anleggsområda. Arbeida er planlagt gjennomført i perioden juni – oktober 2018.

Saka er sendt på høyring til Aust-Agder fylkeskommune, Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark, Bykle kommune, Vinje kommune og Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane.

Vedtak:

Med heimel i konsesjonen datert 21.12.1962 post 17 godkjenner NVE framlagd detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av Dam Holmevasskilen i Kvanndal reguleringsområde ved Røldal-Suldal kraftanlegg i Bykle og Vinje kommunar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vårt vedtak føreset at detaljplan for miljø og landskap er i samsvar med vilkår og føresetnader gitt i konsesjonen.

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit for vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter damsikkerheitsforskrifta som og skal vere godkjent før anleggsstart. Teknisk plan for tiltaket vart godkjend av NVE i vedtak datert 27.05.2014.

Vilkår for godkjenning av detaljplan for miljø og landskap:

- Arbeida skal gjennomførast i samsvar med krava i konsesjon datert 21.12.1962 post 17 og 32.
- NVE skal haldast orientert om når anleggsarbeidet tek til, ved viktige og/eller kritiske fasar ved byggearbeidet, og når anlegget vert sett i drift.

NVE vil følge opp arbeida med tilsyn.

Det kan frå NVE sitt miljøtilsyn bli stilt krav om ytterlegare detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av NVE.

NVE sine vurderingar:

Vurdering av høyringsinnspel

Fylkesmannen i Telemark har gitt uttale i brev datert 12.09.2017. Etter Fylkesmannen si vurdering tek planen i vare dei interessene som fylkesmannen uttalar seg om på ein tilfredsstillande måte. Det er peika på at det er viktig å utføre arbeidet på ein skånsam måte for å unngå konflikt med villreininteressene i området, og at det må avklarast med verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane kor tid arbeida kan utførast. NVE viser til omtale i detaljplanen der det er opplyst at det vert etablert kontakt med fylkeskommune, villreininteresser og andre relevante instansar i god tid før arbeida tek til. NVE legg til grunn at dette vert gjort.

Telemark fylkeskommune opplyser i brev datert 25.09.2017 at der ikkje er registrert automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Fylkeskommunen gjer merksam på meldeplikta jf. kulturminnelova § 8 andre ledd, og rår til at følgjande tekst vert innarbeidd i ein anleggsplan: «*Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndighetene avgjer snarast mogeleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan forsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd)*». NVE viser til fylkeskommunen sin uttale som er lagd ved, og rår til at teksten vert lagt inn i kontrollplan/internkontrollsystemet for arbeida.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har fatta vedtak om dispensasjon frå Forskrift om vern av Setesdal-Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Forskrift om vern av Holmevassåno biotopvernområde og naturmangfaldlova § 48 for gjennomføring av tiltaket jf. brev datert 17.11.2017. Vedtaket er fatta på vilkår om at anleggsområda skal naturleg revegeerast med stadeigen masse, at mellombelse anlegg skal vere minst mogeleg synleg i etterkant og at motorferdsla på Holmavatn og anleggsvegen skal avgrensast så mykje som råd. Etter NVE si oppfatning er dette i samsvar med skildringar i detaljplanen som er sendt til godkjenning. NVE finn difor ikkje grunn til å setje dette som spesifikke vilkår. Vi viser til verneområdestyret sitt vedtak datert 17.11.2017.

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, Aust-Agder fylkeskommune, Vinje kommune og Bykle kommune har ikkje gitt uttale i saka.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. På den måten skal forvaltninga i vedtaka gjere greie for og synleggjere kunnskapen om og verknadane tiltaket vil få for naturmangfald, og korleis ho har komme fram til resultatet i den konkrete saka.

Naturmangfaldlova § 8 seier at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand. Karttenestene «Artskart» og «Naturbase» viser at dammen ligg inne i eit landskapsvernområde, *Setesdal-Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde med dyrelivsfredning*. Dette er opplyst i detaljplanen som er utarbeidd. Verneføremålet er *Vakkert naturområde med urorte fjell og villrein*. Konesjonæren har med bakgrunn i området sin status lagt opp til eit kompakt anleggsområde ved dammen og at det ikkje skal byggast nye vegar som følgje av tiltaket.

Naturmangfaldlova § 9 seier at når det blir treft ei avgjerd utan at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva slags verknader ho kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Føreligg det ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap nyttast som grunngeving for å utsetje eller la vere å treffe forvaltningsvedtak.

NVE meiner det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om verknaden som tiltaket kan ha for naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem dermed ikkje i bruk.

Etter § 10 skal verknaden av eit økosystem vurderast ut frå den samla påkjenninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Området er allereie påverka av damanlegg som vart etablert på 1960-talet med tilhøyrande steinbrot som er synlege i landskapet. I samband med det omsøkte tiltaket vert tidlegare steinbrot sette i stand, noko som etter NVE si vurdering vil gi ein positiv verknad i høve til landskapet og føremålet med landskapsvernet. Det er lagt opp til naturleg revegetering med bruk av lokal masse. Den samla belastninga av tiltaket vil etter NVE si vurdering vere avgrensa.

Etter § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket voldar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Planen konkretiserer dei tiltaka som blir gjort for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet gjennom å avgrense anleggsområda til eit minimum. Arbeida vert dessutan gjennomført i ein avgrensa periode frå juni til oktober. Kostnadene for dette blir dekkja av Hydro Energi AS.

Ut i frå § 12 i naturmangfaldlova skal det for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat. Den innsendte planen sikrar at arbeida blir utført på ein god måte for å hindre skade på naturmangfaldet ved bruk av lokal masse og naturleg revegetering av anleggsområda.

Etter at vurderingar av § 8-12 er gjort, meiner NVE at § 4 om forvaltningsmål for naturtypar og økosystem og § 5 som omhandlar forvaltningsmål for artar er oppnådd.

Forholdet til anna lovverk:

Plan- og bygningslova

Tiltaket har konsesjon og er difor unnateke frå byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl), forutsett at det er i samsvar med lova sine føresegner med tilhøyrande forskrifter, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan. Dette følgjer av forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd. Føresegner i pbl om tekniske krav (§ 29-5) og krav til produkt til

byggverk) (§ 29-7) med tilhørende delar av byggtknisk forskrift gjeld så langt dei passar for nemnde tiltak.

Når anlegget er ferdig bygd, skal konsesjonæren syte for at kommunen får tilsendt kartdata i egna kartformat med alle fysiske anlegg slik at kartdata på enkel måte kan gjerast tilgjengeleg.

Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje må vere i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Konsesjonæren er ansvarleg for dette, behovet for dispensasjon frå gjeldande arealplan må vere avklart med kommunen før arbeida kan ta til. Konsesjonæren er òg ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført i samsvar med dei føresegner i pbl som gjeld for tiltaket, og gjeldande underliggande forskrifter.

Før anleggsarbeidet startar er tiltakshavar ansvarleg for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk.

Tilleggsopplysningar:

Vi minner om post 32 om kulturminne som vi føreset blir følgt opp i forkant av og under anleggsperioden.

Vi gjer merksam på at konsesjonær må ha dei nødvendige privatrettslege rettigheter før arbeidet tek til.

Anlegget er både for planlegging, bygging og seinare drift underlagt forskrift om internkontroll i samsvar med *Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag)*. Ved tilsyn på anlegget vil NVE sjå til at internkontroll etter denne forskrifta er etablert.

Høve til å klage:

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå tidspunktet som denne underrettinga har kome fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg til Olje- og energidepartementet, og sendast til NVE. Vi føretrekk elektronisk oversending til den sentrale e-postadressa vår nve@nve.no.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Aust-Agder fylkeskommune
Bykle kommune



Erik Frantzen
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
Fylkesmannen i Telemark
Røldal-Suldal kraft AS v/Netra Prasad Timalsina
Telemark fylkeskommune
Tor-Inge Havrevoll
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Vinje kommune



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

/Avdeling for areal og
transport

Vår dato 25.09.2017
Deres dato 2017-09-
01T00:00:00
Vår referanse 17/13725-2
Deres referanse 200702197-83
Vår saksbehandler Fredrik Dale
Refling

Svar til avgrensa høyring - Dam Holmevasskilen - Røldal - Suldal kraftanlegg - Bykle og Vinje komunar

Det vises til avgrensa høyring av dam Holmevasskilen – Røldal og Suldal kraftanlegg, datert 01.09.2017.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi vurderer det også som lite sannsynleg at ikkje kjende, automatisk freda kulturminne er bevara i planområdet, og har difor ingen merknader til tiltaket.

Vi vil likevel gjere merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Vi rår at til meldeplikta innarbeidast i ein evt. anleggsplan, og at følgjande tekst vert brukt:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinst innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

Med vennlig hilsen

Fredrik Dale Refling

Fredrik.Dale.Refling@t-fk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: post@t-fk.no
3702 Skien	3715 SKIEN		www.telemark.no



TELEMARK
fylkeskommune

**/Avdeling for areal og
transport**

Vår dato 25.09.2017

Vår referanse 17/13725-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Norges vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091, Majorstuen	0301 OSLO

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Fylkesmannen i Telemark		Postboks 2603	3702 SKIEN

Postadresse: Postboks 2844 3702 Skien	Besøksadresse: Fylkesbakken 10 3715 SKIEN	Sentralbord 35 91 70 00	Foretaksregisteret: 940 192 226 E-post: post@t-fk.no www.telemark.no
---	---	----------------------------	---